



Fylkesstyret si årsmelding 2019

Årsmeldinga følgjer årsmøteperioden frå årsmøtet 16. -17. februar 2019 til 15. februar 2020.

Del A: Gjennomføring av arbeidsplanen

Arbeidsplanen har vore det sentrale styringsdokumentet gjennom året. Både fylkesstyret og representantskapet har hatt gjennomføring av arbeidsplanen som sak på dei fleste møta, og vurdert korleis dei ulike tiltaka skal følgast opp. Det aller meste i arbeidsplanen har blitt gjennomført.

Fylkes- og kommunevalet har prega arbeidet vårt i 2019. Valet viste ein god framgang, med dobling av fylkestingsrepresentasjonen og representantar i alle kommunar der me stilte liste. Ved sida av valresultatet er medlemsveksten og styrkinga av lokallaga dei mest gledelege framgangane. Med ein medlemsvekst på 25% har me sannsynlegvis det høgaste medlemstalet i Rogaland SV nokon gong.

I 2019 har me også prøvd å leggja grunnlaget for vekst på lengre sikt. Oppgåva er dels politisk, dels organisatorisk. Det handlar om å utvikla ein politikk som svarer på dei utfordringane folk i fylket har, og som samtidig aukar oppslutninga om venstresida sine idear; ein «sosialisme på rogalandsk». Det handlar også om å styrka organisasjonen, slik at fleire kan og vil delta. Denne strategien har vore styrande for mykje av arbeidet.

Ein tydeleg forskjell frå tidlegare år er at medlemmer og lokallag møtest meir. Seinast i 2017 var fylkesårsmøtet på éin dag, og me hadde ingen fleire felles samlingar for heile fylket. I 2019 arrangerte me todagars fylkesårsmøte, ei kandidatsamling i april, to valkampsamlingar i juni, folkevaldsamling i september og haustkonferanse i november. Det er fylkesstyret si oppfatning at dette har styrka Rogaland SV politisk og organisatorisk.

Dei overordna måla for Rogaland SV i 2019 var:

- Liste i 18 kommunar. **Resultat: 17 lister.**
- Auka representasjon i fylkestinget og i kommunestyra. **Resultat: Oppnådd.**
- 18 aktive lokallag ved årsslutt. **Resultat: 17 lokallag.**
- 950 medlemmer ved årsslutt. **Resultat: 927 medlemmer.**
- Ein politikk og ein strategi for auka oppslutning på lengre sikt. **Diskusjonen er i gang.**

1. Valkampen

Det er utarbeidd ein eigen valkamprapport som går grundigare inn i forarbeidet, valkampen og resultatata. Her kjem det viktigaste frå denne rapporten.



Hovudoppsumming og viktigaste lærdommar

Me nådde alle dei viktigaste måla våre med denne valkampen, og gjekk fram over heile fylket. I kommunestyrevalet stemte 10 194 rogalendingar på SV, ei oppslutning på 4,4%. Det er ein framgang på 1,4% og 4 053 stemmer. I fylkestingsvalet stemte 8 931 rogalendingar på SV, ei oppslutning på 4,1%. Det er ein framgang på 1,3% og 3 532 stemmer. SV kom inn i alle dei 17 kommunane der me stilte liste, og dobla fylkestingsgruppa frå 1 til 2.

Politisk oppsummering

Særleg førstekandidat Heidi Bjerga var synleg gjennom heile valkampen, med redaksjonelle oppslag og lesarinnlegg i regional- og lokalmedia. Dei andre toppkandidatane hadde lesarinnlegg. Me fekk markert oss mest på saker som miljøkortet, Rogfast, Ålgårdbanen og hurtigbåten i Ryfylke. I kommunevalkampen var det naturleg nok ulike saker som dominerte. Generelt er me fornøgdde med kombinasjonen av det raude og det grønne, og at me har vore meir synlege enn på lenge fleire stader i fylket. Framgangen på nasjonalt nivå var også til hjelp for oss lokalt og på fylket. I sosiale medium bør eigenproduserte og lokale politiske saker få meir plass på kostnad av stemningsrapportar frå stand eller vidaresending av sentralt produserte memmer og budskap.

Valbrosjyrane

Me er fornøgd med fylkesbrosjyren, og denne vart distribuert til dei aller fleste husstandane i fylket. Utsendinga var ein stor logistikk med mange ulike lokale løysingar, og det kravde mykje arbeid å få det til. Fylkeslaget hjelpte også til med produksjonen av nokre av dei lokale brosjyrane. Programmet som skulle brukast til utforminga (Brandmaster) kom seint på plass, og kom aldri i nynorskversjon, og dette førte til ein del frustrasjon. Partikontoret sentralt var på den andre sida svært hjelpsame med utforminga. Til valkampen om fire år er det ønskeleg at me prøver ut «Sandnesmodellen» med fylkes- og lokallagsbrosjyre i eitt, då dette gjer distribusjon både enklare og billigare, og sparer oss for mykje pakkearbeid. Men dette krev ei høgare grad av samordning mellom lokal- og fylkeslag enn det me har vore i stand til i denne runden.

Organisatorisk

Me får til mykje på små budsjett, både i lokallaga og i fylkeslaget, og det merkast at organisasjonen er sterkare enn på fleire år. Mykje av planlegginga gjekk seint i starten, men ting gjekk seg til og fungerte stadig betre utover i valkampen.

Det varierer mykje frå lokallag til lokallag kor mykje medlemmene deltar i valkampen. Enkelte lokallag er gode til å aktivisera medlemmene, men i fleire lag blir det mykje arbeid på få personar. Dette er det viktigaste forbetningspunktet til neste valkamp: korleis få dratt nytte av dei mange medlemmene våre? Direkte veljarkontakt er den viktigaste måten å nå ut til folk på, anten det skjer i folk sine naturlege nettverk på jobb og i lokalsamfunna, via sosiale medium eller på andre måtar.

Rogaland SV hadde eit eige valkamputval som vart valt på årsmøtet, og som hadde ansvar for den praktiske gjennomføringa av valkampen. Valkamputvalet gjorde jobben, men det kunne med fordel ha vore betre framdrift i arbeidet.



Samarbeidet mellom lokallaga og fylkeslaget fungerte bra på mange måtar, men det er også forbettringspotensiale. Fylkeslaget opplever at lokallaga er seine med å gi tilbakemelding, medan fleire lokallag har etterlyst at planane er klare tidlegare. Særleg gjeld dette opplegget for utsending av brosjyrar og oversikt over kor fylkeskandidatane og stortingsrepresentanten skulle delta på stand.

Samarbeidet mellom lokallaga/fylkeslaget og partiet sentralt var også i hovudsak godt. Den viktigaste hjelpa me fekk frå sentralt, var til å utforma brosjyrane og anna materiell. Det vart sendt ut daglege kandidatbrev til førstekandidatane som inneheldt mykje viktig stoff og gode idear. Mange av kandidatane opplevde at det vart for mykje informasjon, noko som gjorde at sentrale opplysningar forsvann i mengda.

SU hadde ansvaret for skulevalkampen. Dei gjennomførte denne på ein god måte, og fekk ein fin framgang til 7,8% i Rogaland. Samarbeidet mellom SU og SV-lokallaga kunne vore betre, slik at SU-debattantane fekk hjelp til førebuinga om lokale saker.

Fylkessekretærstillinga vart auka frå 50% til 100% dei fem siste vekene av valkampen. Dette var ei rett prioritering av ressursane.

Etter valet

Særleg dei nye lokallaga og kandidatane burde fått meir hjelp til å førebu forhandlingane på valnatta og dagane etter valet. Det var rett nok sendt ut eit notat frå sentralt i kandidatbrevet og i andre e-postar, men dette drukna i annan informasjon for fleire. Det sto også svært lite om det valtekniske samarbeidet i dette notatet.

2. Politisk strategi

Rogaland SV har i 2019 utarbeidd og vedtatt ein politisk strategi for valkampen, markert oss i media på prioriterte saker, knytt sterkare band til fagrørsla og deltatt i politikkutvikling i SV fram mot landsmøtet.

Valkampstrategien vart utarbeidd av valkampgruppa og vedtatt på representantskapsmøtet 11. mai.

Det **utoverretta** politiske arbeidet utanom valkampen har skjedd gjennom lesarinnlegg og bruk av sosiale medium. Me har mellom anna brukt fråsegnene frå årsmøtet og politiske merkedagar til å få på trykk lesarinnlegg i regional- og lokalaviser. Lokallaga har stått for sjølve arrangementa på kvinnedagen 8. mars, arbeidardagen 1. mai og miljødagen 5. juni. Facebook har vore den mest brukte plattformen for å nå ut med politikken vår. For tida har me nesten 1700 som likar sida vår der. Rogaland SV har også ein instagramkonto. Twitter har ikkje vore prioritert, men me har ein konto der og. Fylkesleiar Ingrid Fiskaa skriv fast i Klassekampen.

På to av **representantskapsmøta** har me hatt politiske innleiingar. I mai var temaet heile og faste stillingar, og i november var det strategi fram mot stortingsvalet 2021. Frå representantskapsmøtet i mai fremma Rogaland SV ei fråsegn om vindkraft til landsstyremøtet.



Tettare samarbeid med **fagrørsla og andre organisasjonar som står oss nær** har vore prioritert også i 2019. Rogaland SV har ein samarbeidsavtale med Fagforbundet Rogaland. Leiar i Fagforbundet Rogaland Trond Helland innleia for representantskapet i mai, og leiar i Fagforbundet Dalane Torhild Nesvåg innleia på folkevaldsamlinga i oktober. På haustkonferansen i november hadde me innleiingar frå Industri Energi og Naturvernforbundet. Me har også deltatt på fleire møte med LO Rogaland og på Rogalandskonferansen i oktober. Det er samtidig potensiale for eit endå sterkare samarbeid med ulike delar av fagrørsla og andre organisasjonar.

Diskusjonen om ein **sosialisme på rogalandsk** vart lansert i 2018, og har vore ei rettesnor for mykje av det politiske arbeidet også i 2019. Tanken er å ta tak i dei sidene ved rogalandsk næringsstruktur og identitet som i dag kan oppfattast som hindringar for tilslutning til venstresida sine idear, og finna ut kva ved desse strukturane som utgjer eit potensiale for vekst. Vidare er spørsmålet om me bør endra sjølvopfatning, historieforteljing og/eller politikk for å leggja grunnlaget for større oppslutning. Systematisk arbeid med denne strategien har ikkje vore prioritert i valåret, og me bør derfor koma tilbake til dette i 2020.

Rogaland SV har også deltatt i utviklinga av SVs prinsippprogram og dei fire hovudresolusjonane fram mot **landsmøtet** i 2019. Landsmøtedelegasjonen diskuterte og fremma endringsforslag til desse dokumenta. Ei viktig sak på landsmøtet var valet av ny nestleiar, som først og fremst handla om eit politisk vegval for partiet. Rogaland SV støtta kandidaten som vart vald: Torgeir Knag Fylkesnes.

3. Organisatorisk strategi

Rogaland SV står sterkare ved utgangen av 2019 enn ved starten. Me har langt fleire medlemmer, fleire aktive lokallag og eit godt utgangspunkt for vidare vekst.

Rogaland SV har hatt ein netto **medlemsvekst** på 186 medlemmer i 2019, ein auke på heile 25%. Dette er rett i underkant av det ambisiøse målet i arbeidsplanen. Me har ikkje arbeidd systematisk med verving frå fylkeslaget si side, og den aktive verveinnsatsen har nok variert ein del frå lokallag til lokallag. Derimot har me lagt vekt på at alle nye medlemmer skal bli tatt godt imot og kontakta kort tid etter innmelding. Lokallaga har hatt hovudansvaret for medlemsoppfølginga, og det har vore tema på fleire representantskapsmøte. I tillegg har fylkesleiar sendt e-post til alle nye medlemmer i fylket. Me har også gjort ein stor innsats på hausten med å ringa medlemmer som ikkje hadde betalt kontingenten. Lokallaga har for ein stor del tatt seg av sine ikkje-betalande medlemmer, og fylkesstyret fordelte dei resterande mellom seg. Likevel var det ein del me ikkje fekk tak i, og 95 medlemmer vart meldt ut ved årsskiftet på grunn av manglande betaling.

Tida fram mot 1. april gjekk for det meste med til å støtta lokallaga sitt arbeid med å stilla **lister til kommunevalet**. Målet vart nesten nådd: i 17 av 23 kommunar vart det stilt SV-lister denne gongen, ein framgang på ei liste frå sist kommuneval trass i at det no er færre kommunar. Me jobba også for å få ei liste i Sokndal, men det lykkast ikkje denne gongen.

Fylkesstyret har arbeidd systematisk med å styrka eksisterande lag og få i gang nye **lokallag**, og med å forbetra kommunikasjon og erfaringsutveksling mellom dei ulike delane av organisasjonen.



Organisasjonsbygging har vore fast sak på alle representantskaps- og fylkesstyremøte. Fylkesstyrets medlemmer har fordelt ansvaret for lokallaga mellom seg, og har hatt jamleg kontakt med desse. På kvart fylkesstyremøte har dei ansvarlege lokallagskontaktane rapportert om tilstanden i laga «sine». Fylkesstyret har særleg følgd opp Sola SV (retablert i januar 2019), Tysvær SV, Sauda SV og Randaberg SV. Ekstra gledeleg er det at Randaberg SV blei stifta i år! Me det har me 17 lokallag, og fekk altså stilt lister i dei same kommunane.

I løpet av året har me styrka samarbeidet mellom dei **folkevalde** på fylket og i kommunane. Det er oppretta ei e-postliste og ei facebook-gruppe for dei nye folkevalde, og særleg facebook-gruppa er nyttig for utveksling av idear. I 2018 vart det også utnemnt ein folkevald-koordinator, men ordninga har i lita grad fungert. To vellykka arrangement har hatt positiv effekt for arbeidet til dei folkevalde: ei kandidatsamling i april i Stavanger og ei folkevaldsamling i oktober i Eigersund. Me har også skaffa fadderar for alle nye gruppeleiarar som ønskte det. Fadrane er erfarne folkevalde.

Rogaland SV har arrangert **opne møte med stortingsrepresentant Solfrid Lerbrekk** ulike stader i fylket i løpet av året, der tanken særleg har vore å invitere nye medlemmer. Målet var å ha to møte kvart halvår, eitt i nordfylket og eitt i sørfylket. Av ulike grunnar har ikkje alle møta blitt arrangert som planlagt, men me har hatt møte i Randaberg 2. mai og Sauda 13. juni. Dette kjem i tillegg til andre reiser og besøk som Solfrid har gjennomført i fylket, men som ikkje har vore i regi av fylkeslaget.

Etter valkampen arrangerte me ein **haustkonferanse** i Sandnes 9. -10. november. Samlinga fekk tittelen "SV - kan det vera kjekt, då?" og var særleg meint for nye medlemmer. Tanken var å gi eit tilbod på eit tidspunkt då me hadde fått mange nye medlemmer som kunne vera interessert i å bli aktive, samtidig som mange lokallag hadde lite kapasitet til å følgja dei opp. Dei fleste som deltok var då også nye medlemmer. Programmet var ei blanding av politiske innlegg/diskusjonar og meir praktisk retta opplegg, der målet var å inspirere til engasjement i partiet. Det trur me at me fekk til, og me fekk nyttige erfaringar om korleis terskelen for å bli med i SV kan bli lågare.

Rogaland SV har styrka **økonomien** i løpet av 2019. Samtidig som eit auka aktivitetsnivå har medført større utgifter, har me også hatt god økonomistyring, og kjem ut med eit sterkare resultat enn budsjettet. Inntektssida er dominert av den offentlege støtta, og det var eit mål i arbeidsplanen å auka dei eigne inntektene ved å få fleire til å bli faste givarar. Dette har me jobba litt med, og mellom anna vart det sendt ut ein e-post til alle medlemmer med oppfordring til å bidra.

Me har hatt noko samarbeid med **Rogaland SU** i perioden. SU har også hatt ein gledeleg medlems- og aktivitetsvekst det siste året.



Del B: Faktadel

1. Årsmøtet 2019

Rogaland SVs årsmøte for 2019 blei arrangert på Folkets hus i Sandnes 16. -17. februar 2019.

Innleiarar var Helene Bank frå For Velferdsstaten og stortingsrepresentant Solfrid Lerbekk.

63 delegatar frå 13 lokallag, SU og fylkesstyret deltok. I tillegg deltok fleire observatørar og gjestar.

Årsmøtet godkjende årsmeldingar og rekneskap, vedtok vedtektsendringar, arbeidsplan og budsjett og valde tillitsvalde. Årsmøtet vedtok overføring av medlemmene i Finnøy og Rennesøy til Stavanger SV, og medlemmene i Forsand til Sandnes SV.

Årsmøtet vedtok også åtte fråsegner: 1) Styrk og utvid velferdsstaten, 2) Krise på greske øyer - hjelp flyktingene, 3) Selvtendig opptjeningsrett for uttak av foreldrepenger, 4) Nedrustning i stedet for atomopprustning, 5) Nei til bompengefinansiering av vegprosjekter, 6) Nei til fjerning av jernbanespor på Ålgårdbanen, 7) La ungar vera ungar, og 8) SV vil bruka krafta strategisk.

2. Valkampsamlingar

Helga 1. -2. arrangerte me to valkampsamlingar, ei i Haugesund og ei i Stavanger. 44 deltakarar frå 16 lokallag deltok på dei to samlingane.

3. Kandidatsamling og folkevaldsamling

Kandidatsamlinga var 27. april i Stavanger, og samla 24 kandidatar frå 12 kommunar.

Folkevaldsamlinga var 12. -13. oktober i Eigersund. 26 folkevalde deltok. Tidlegare nestleiar i SV Oddny Miljeteig var hovudinnleiar, og elles var det våre eigne folk som innleia.

4. Haustkonferanse for nye medlemmer

På Folkets hus i Sandnes 9. -10. november. 22 medlemmer deltok, pluss innleiarar. Hovudinnleiar var stortingsrepresentant Freddy André Øvstegård.

5. Representantskapet

I perioden har representantskapet bestått av fylkesstyret og desse representantane frå lokallaga:

Eigersund SV: Martin Liland, med Jon Magne Bøe som vara

Hå SV: Øyvind Kvitvær Leidland, med Rebecca Ponce som vara

Time SV: Leif Olav Støle, med Beate Aasen Bøe som vara

Klepp SV: Kolbjørn Sandve, med Siv Oltedal som vara

Sandnes SV: Eva-Tone Breivik, med lokallagsstyret som vara

Stavanger SV: Elisabeth Aaserød, med Ingrid Vikse som vara

Sola SV: Bettina Lindgren, med Irmelin Sangolt Tjelflaat som vara

Strand SV: Anniken Heimdal Tjøstheim, med Audun Grødem som vara

Hjelmeland SV: Silje Sværen, med Egil Ulvestad som vara



Suldal SV: Tone Mari Sand, med Astrid Kvæstad som vara
Vindafjord SV: Guri Ravatn, med lokallagsstyret som vara
Tysvær SV: Ketil Anthun
Haugesund SV: Signe Norbotten, med Knut Oaland som vara
Karmøy SV: Monika Kvilhaugsvik, med John Terje Nordskog og Hilde Slotnes som vara
Randaberg SV: Ask Brekke og Kristian Kalvå har møtt (lokallaget blei stifta etter fylkesårsmøtet 2019).

Storingsrepresentant Solfrid Lerbrekk har også møtt. Gjesdal SV har i praksis vore representert gjennom fylkesstyremedlem Lars Helge Strand. Haugesund SV har meldt forfall til alle møta og Sauda SV har ikkje møtt i representantskapet i 2019.

Representantskapet har hatt fire møte i årsmøteperioden og behandla 24 saker (før møtet 15. februar).

Representantskapet vedtok denne fråsegna på møtet i mai: Rogaland SV ber om stans i utbygging av vindkraftanlegg på land.

6. Fylkesstyret

Fylkesstyret har i perioden bestått av:

Ingrid Fiskaa, leiar
Jon Salthe, nestleiar.
Lars Helge Strand, kasserar
Anette Opheim, styremedlem
Ivar Teigland, styremedlem
Jeanette Lea Romslo, styremedlem
Lars Utne Vaage, SU
Martin Liland, 1. vara
Aastein Aase, 2. vara. Døyddde i juli.
Annie Prestegård, 3. vara. Andre vara frå juli.

Heidi Bjerga har møtt som gruppeleiar på fylkestinget.

Fylkesstyret har hatt ni møte i årsmøteperioden og behandla 75 saker. På eitt av møta var styret ikkje vedtaksført.

7. Komitear og utval

Kontaktpersonar i RSV for dei sentrale utvala (oppnemnde av representantskapet i mai):

Internasjonal kontakt: Aastein Aase, Sandnes SV
Kvinnepolitisk leiar: Anette Opheim, Suldal SV og fylkesstyret
Miljøpolitisk kontakt: Heidi Bjerga, Sandnes SV
Fagleg kontakt: Anniken Heimdal Tjøstheim, Strand SV



Inkluderingskontakt: Ida May Lea Hagen, Sola SV
EU/EØS-kontakt: John Terje Nordskog, Karmøy SV

Valkamputvalet

Jon Salthe, fylkesstyret (leiar)
Heidi Bjerga, 1. kandidat
Monika Kvilhaugsvik, 2. kandidat
Reidar Sand, 3. kandidat
Edle Songe-Møller, 4. kandidat
Erling Nes Mygland, SU-representant
Ivar Teigland, fylkesstyret
Ingrid Fiskaa, fylkesstyret
Olav Rawcliffe, fylkessekretær. Reidar Sand vikarierte i perioden april – midten av juli.

Valnemnda

Åsmund Sigmundstad, Hjelmeland SV (leiar)
Ingrid Vikse, Stavanger SV
Edgar Kåre Pettersen, Haugesund SV
Steinvor Bråtveit, Time SV
Ida Sværen Oaland, SU
Arvid Erga, Sandnes SV, trekte seg før nemnda starta arbeidet.

Revisor

Malcolm Robert Mcdonald

Fylkessekretær

Olav Oaland Rawcliffe har vore tilsett i 50% stilling fram til 1. oktober. Etter at valresultatet vart klart, avgjorde fylkesstyret å auka stillinga til 80%.

8. Landsmøtedelegasjon

Silje Sværen, Hjelmeland SV
Trine Meling Stokland/Lise Langåker, Haugesund SV
Siv Oltedal, Klepp SV
Eva-Tone Breivik, Sandnes SV
Ingrid Vikse, Stavanger SV
Ingrid Kristine Aspli, Stavanger SV
Beate Aasen Bøe, Time SV
Guri Ravatn, Vindafjord SV
Heidi Bjerga, Rogaland SV
Monika Kvilhaugsvik, Rogaland SV
Ingrid Fiskaa, landsstyrrerepresentant

I tillegg deltok Reidar Sand, Jeanette Lea Romslo, Lars Utne Vaage, Anniken Heimdal Tjøstheim, Jan Refsnes, Olav Oaland Rawcliffe, Anette Opheim, Odd Magne Hansen og Mette Haugvaldstad som



observatørar. Eirik Faret Sakariassen deltok som sentralstyremedlem, Solfrid Lerbrekk som stortingsrepresentant, og Hallgeir Langeland og Tora Aasland var til stades som gjestar.

Delegasjonen hadde ei dagssamling 16. mars for å førebu sakene på landsmøtet, som var på Gardermoen 29. -31. mars.

9. Sentrale verv

Landsstyret

Ingrid Fiskaa, landsstyrerepresentant

Heidi Bjerga, 1. vara

Ivar Teigland, 2. vara

Jon Salthe, 3. vara

Eirik Faret Sakariassen, sentralstyremedlem

Sentrale utval

Ingrid Fiskaa, medlem av internasjonalt utval og arbeidsprogramkomiteen.

10. Medlemmer og lokallag

Lokallag	Medlemmer 31.12. 18	Vekst	Prosentvis vekst	Medlemmer 31.12.19
Eigersund	27	9	33%	36
Gjesdal	14	5	36%	19
Haugesund	67	16	24%	83
Hjelmeland	12	0	0%	12
Hå	23	2	9%	25
Karmøy	54	7	13%	61
Klepp	17	9	53%	26
Randaberg	5	8	160%	13
Sandnes	103	21	20%	124
Sauda	14	7	50%	21
Sola	23	8	35%	31
Stavanger	264	60	23%	324
Strand	20	2	10%	22
Suldal	18	1	6%	19
Time	42	17	40%	59
Tysvær	15	9	60%	24
Vindafjord	20	5	25%	25
Direktemedlemmer	3	0	0%	3
Rogaland	741	186	25%	927



11. Valresultat, kommunar og fylke

Kommune	Kommunestyreval				
	Prosent	Endring	Repr.	Endring	Stemmer
Eigersund	5,3%	+0,8%	2	+1	397
Hå	2,5%	+1,0%	1	+1	228
Time	5,9%	+2,2%	2	+1	576
Klepp	3,4%	+3,4%	1	+1	316
Gjesdal	3,6%	+1,2%	1	+1	202
Sandnes	4,5%	+2,1%	2	+1	1 649
Sola	3,8%	+2,1%	2	+2	496
Randaberg	3,2%	+3,2%	1	+1	181
Stavanger	4,8%	+0,4%	3	0	3 402
Strand	2,9%	+0,5%	1	0	181
Hjelmeland	5,7%	+2,7%	1	+1	76
Sauda	5,8%	+1,9%	1	0	143
Suldal	6,8%	-0,7%	1	-1	142
Vindafjord	5,2%	+0,6%	1	0	218
Tysvær	3,8%	+2,1%	1	+1	210
Haugesund	5,3%	+1,8%	3	+1	922
Karmøy	4,3%	+2,0%	2	+1	855
Sum	4,4%	+1,4%	26	+12	10 194

10 194 stemmer og 4,4% oppslutning er ein framgang på 4 053 stemmer og 1,4% sidan 2015.

Kommune	Fylkestingsval				
	Prosent	Endring	Repr.	Endring	Stemmer
Eigersund	3,6%	+1,3%			244
Sokndal	1,2%	+0,4%			18
Lund	1,4%	+0,5%			22
Bjerkreim	1,2%	+0,6%			17
Hå	2,7%	+0,9%			217
Time	4,1%	+1,5%			381
Klepp	2,7%	+1,4%			241
Gjesdal	3,1%	+0,9%			165
Sandnes	4,1%	+1,6%			1 453
Sola	2,8%	+1,2%			353
Randaberg	3,0%	+1,7%			164
Stavanger	5,1%	+0,8%			3 517
Strand	2,5%	+0,2%			143
Hjelmeland	3,3%	+0,7%			40
Sauda	3,6%	+1,2%			81
Suldal	6,6%	+2,5%			130
Vindafjord	3,7%	+0,7%			140



Tysvær	2,8%	+1,3%			133
Haugesund	4,9%	+2,0%			786
Karmøy	3,9%	+1,8%			671
Kvitsøy	2,9%	+1,1%			9
Bokn	1,2%	-0,2%			5
Utsira	0,9%	-			1
Sum	4,1%	+1,3%	2	+1	8 931

8 931 stemmer og 4,1% oppslutning er ein framgang på 3 532 stemmer og 1,3% sidan 2015.